




**Medlemsbrev for 2023/2024 – Nr 2**  
**President Audun Klev**

Redaksjon: Magne Lundemo (leiar), Lidvar Sunde,  
Arne Vågnes, Harald Gudbrandsen, Thor Grønmyr  
og Sindre Vik



**Dato: 03.10.2023**

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Talet på frammøtte

medlemmer/gjestar: 17

**Hovedinnslag: Presidenten har ordet/komitéarbeid**

Kort om tema/innhald/aktivitet:

Div. info frå presidenten:

- Program for kommande møte
- Dugnad langs turvegen rundt Synnalsvatnet utsett til varmare og tørrare forhold på værparten
- Komitéarbeid – planlegging av Rotaryåret 2023/24 ML



**Dato: 10.10.2023**

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Talet på frammøtte

medlemmer/gjestar: 27

**Hovedinnslag: Oppdatert «egoforedrag» med Ewa Hildre**

Ewa oppdaterte oss på historia si frå gode oppvekstevilkår i Søvikhagane til dagens aktive liv på Skodje. Hun tok oss med



gjennom ein trygg og god barndom i lag med familie og ikkje minst den store «Mørenot-gjengen» der ho også fekk si først arbeidserfaring. Vidare vart det utdanning og etter kvart nye arbeidsutfordringar. Mørenot, Amadeus (eige firma), fleire lærarvikariat, Marint for å nemne nokre.

Heile tida har ho vore aktivt med i politikken, både på kommune- og fylkesnivå.

I dag driv ho eige konsulentfirma, Ebbevika Consulting, som arbeider med å få unge vaksne som av ulike grunnar har ramla ut av arbeidslivet inn i arbeid att. Eit viktig og imponerande bidrag i tillegg til dei offentlege tilboda som på ingen måte dekkjer alle behov.

Takk for eit engasjerande foredrag og ein imponerande innsats, så langt! ML

**Dato: 20.10.2023**

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Talet på frammøtte

medlemmer/gjestar: 40

**Hovedinnslag: Krabbefesten**

President Audun ønskte alle velkomen til Brattvåg rotary sin tradisjonelle krabbefest i oktober. Kameratskapskomiteen hadde gjort ein fin jobb på førehand, så det var berre å setje seg til pådekka bord med dagens hovudattraksjon (krabben) i sentrum. Levert frå Fjørtofta med sin vanlege høge kvalitet. Dei renska krabbebura skuffa ikkje denne gongen heller, og saman med god drikke vart det eit festmåltid.



Audun starta ein stafett med gode historier, og fleire var frampå og prøvde seg. Særleg Elsa Farstad gjorde lukke med vitsen om «bonden og fiskaren». Etterpå fekk vi servert kaffe og Kvæfjordkake frå kulturkafeen. Anders sat klar med både godsaker til kaffen og premier til den sedvanlege utlodninga. Det flotte fruktfatet vart vunne av Karin Rørhus. Inntekta av loddsalet går til TRF, og Rolf Doran kunne opplyse at over

6 000 kr ville kome inn på rett konto. Bra! Stemninga rundt borda var god til festen vart avrunda til rimeleg tid. Som vanleg. AV



**Dato: 24.10.2023**

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Talet på frammøtte

medlemmer/gjestar: 23

**Hovedinnslag: Presentasjon av klubben sine nettsider/Rotary-appen**

President Audun ønskte velkomen og nytta høvet til å takke kameratskapskomiteen for ein flott jobb i samband med krabbefesten sist fredag. Elles fekk vi informasjon om neste møte og invitasjon til felles julemøte frå Rotary Ålesund Øst. Han opplyste også at Jostein Skjelten dessverre hadde meldt seg ut av Brattvåg rotary på grunn av alderdom og sviktande helse.

Vi fekk også ei historie før gav han Magne ordet til kveldens hovudinnslag. Magne fortalde så tolmodig og grundig om korleis vi skulle laste ned rotaryappen (både iphone og android 😊) og korleis han fungerer. Og at appen kan vere ein nyttig reiskap dersom vi tek oss tid til å lære å bruke han.

Etterpå logga vi oss inn på heimesidene våre (som kan vere ei krevjande øving!), og Magne viste oss korleis vi kan finne forskjellig informasjon om klubben vår.



Som vi veit, er ikkje alle medlemmane våre like komfortable med den nye digitale verda, så dette vart ein nyttig gjennomgang. Som presidenten takka for til slutt. AV

**Dato: 31.10.2023**

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Talet på frammøtte

medlemmer/gjestar: 15

**Hovedinnslag: Fritt møte**

President Audun ønskte alle velkomen og beklaga at det oppsette programmet med Demensteamet måtte gå ut på grunn av sjukdom. Etterpå fekk vi kort informasjon om eit arrangement på Gomer-huset på Skodje (TEFT- Sparebanken Møre), bedriftsbesøk på Bra Elektro og vinsmaking. Mykje forskjellig å sjå fram til.



President Audun synest tydelegvis at han måtte ha noko å by på ved bortfallet av det oppsette programmet. Han har ein mangslungen praksis som pilot av små private fly. I denne samanhengen har han hatt glede av å frakte mange kjende og ukjende personar langs kysten vår, hovudsakleg med Frøya og Hitra som base.

Denne kvelden fortalde han levande om kjende passasjerar som har gjort inntrykk på han på forskjellig vis: Torvald Stoltenberg, Åge Aleksandersen, Halvdan Sivertsen, Carola, Kurt Oddekalv, og Mr. Lee (frå Sør-Korea). Og mange episodar og fornøyelege historier knyta til møta med desse personane. Det vart ein hyggeleg og triveleg kveld i Brattvåg rotary.

Brattvåg 01.11.23

AV

**Dato: 07.11.2023**

Stad: Bra Elektro

Møteleiar: Presidenten

Talet på frammøtte

medlemmer/gjestar: 23

**Hovedinnslag: Bedriftsbesøk hos Bra Elektro v/Arvid Sundli**



Flott og informativt møte hos BRA Elektro AS. Vi fikk presentert en video der historien til selskapet ble presentert av Jostein Skjelten. Det

startet med Johansen & Skjelten i 1933.

Arvid Sundli, daglig leder, tok for seg den nære historien og veien videre og de utfordringer som ligger fremover. Til slutt var det omvisning på verkstedet/produksjonen. Flott bedrift med solid historie.

For meir info: [www.brael.no](http://www.brael.no) LS

**Dato: 14.11.2023**

Avlyst grunna gravferda til Rolf Haugerud.

**Dato: 21.11.2023**

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Talet på frammøtte medlemmer/gjestar:

**Hovedinnslag: Banken ungdomsklubb v/Ingrid K. Hildre og Tove Laila Bjerke**



Ungdomsklubben «Banken» var på besøk, representert ved Ingrid Korsnes Hildre og Tove Laila Bjerke. Klubben skal være for Brattvåg og nabobygdene og ble startet opp høsten 2022.

Dette er en frivillig organisasjon og de har fått støtte frå Kommunedelsutvalet samt private gjennom Spleis, Lions, Gjensidigestiftelsen, grasrotandelen mm. Totalt kr 536.000 som kan brukes til ombygging, inventar, gaming etc.

Det er opprettet leieavtale med Skjelten Invest AS og holder til i Strandgt 3. Ungdommen selv skal få være med på å innrede lokalet. Klubben håper også å få midler fra kommunen.

Klubben skal være gratis (drop in) og det kan finnes mer info på FB og Insta. LS

**Dato: 28.11.2023**

Stad: Vard Brattvåg

Møteleiar: Presidenten

Talet på frammøtte medlemmer/gjestar:

**Hovedinnslag: Bedriftsbesøk hos Vard Brattvåg v/Arnt Inge Gjerde og Øystein Solemsdal**

Vi fikk veldig god informasjon fra Arnt Inge Gjerde om hvor Vard står i dag og veien videre. Mye interessant historikk og spennende utvikling fremover.

De satser nå på offshore båter til vindkraftutbygging (energi), kabelleggere og vindmølle support skip. Det er med andre ord mye innen fornybar energi.

De har ordre til minst 2026.



Vi fikk en flott omvisning på en nesten ferdigbygd tråler, som lå ved kai.

Se også hjemmesiden [www.vard.com](http://www.vard.com)

og produkter <https://www.vard.com/products-and-services> LS

**Dato: 05.12.2023**

Stad: Spjelkavik Panorama

Regi: Spjelkavik Rotaryklubb

Talet på frammøtte medlemmer:

**Hovedinnslag: Fellesmøte for klubbane i området.**

Tema: Børs og Katedral i førjulstiden og julehøgtida, V/senterleiar Anna Marie Rødal Kleppe og sokneprest Anders Grytten. Interessant og kjekt fellesmøte med aktuelt tema til ettertanke og med føde både for kropp og sjel.

ML

**Dato: 12.12.2023**

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Talet på frammøtte medlemmer/gjestar: 25/2

**Hovedinnslag:**

**Del 1: Årsmøte**

**Del 2: Julemøte**



Årsmøte ble gjennomført på ein ryddig og effektiv måte med president Audun som møteleiar. Årsmelding og rekneskap/budsjett ble godkjent av klubben sine medlemmer. Innkommande president for 2025/26 ble Ewa Hildre vald ved akklamasjon. Det same ble Sigrid Eidsvik som sekretær, Anders Lausund som kasserar og Bjørn Sandnes som styremedlem.

Etterpå ble det Julemøte med kanapéar, ølsmaking og julequizz m/fortent seier til laget «Bordenden» (Arne T., Rolf D., Magne, Jan H. og Hillbjørg). ML